



Arkivnr: 2014/169-1

Saksbehandlarar: Per Nordmark, Per Morten Ekerhovd, Lars Øyvind Birkenes, Nils Egil Grude

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.01.2014

## Fråsegn til kommunedelplan for omlegging av Fv 48 - Løfallstrand - Kvinnherad kommune - planID 122420120025

### Samandrag

Kvinnherad kommune har tatt initiativ til utarbeiding av kommunedelplan for omlegging av fv 48 Løfallstrand. Føremålet med planarbeidet er å finna den totalt beste løysinga for fv 48 på strekninga Røyndal – Geitbu. Det er utarbeidd to alternativ til vegutbetring på strekninga.

Alternativ 1 omfattar opprusting av eksisterande trase av fv 48 til å gjelda 2-felts veg med fortau/ gang-/ sykkelveg.

Alternativ 2 inneber ei omlegging av fylkesvegen lengre aust. Vegen vil då gå utanom busetnaden på Løfallstrand. Det vert ikkje bygd gang-/sykkelveg langs denne traseen.

Opprusting eller ny vegtrasé ligg ikkje inne i Regional transportplan Hordaland 2013-2024, Handlingsprogram 2013-2017.

Etter ei totalvurdering er det tilrådd alternativ 1 – opprusting av noverande vegtrase.

### Forslag til vedtak

1. [Alternativ 2 \(kote 70\)](#) har mindre potensiale for konflikt med kulturminne og kulturmiljø enn Alternativ 1. Dette kan endra seg når undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven er utført på reguleringsplannivå.
2. [Kultur og ressursutvalet](#) tilrår Alternativ 1 – eksisterande trase. Prioriteringa er grunngjeve med den relativt store kostnadsforskjellen, omsyn til landskapet, at det er mogeleg å gjera tilpassingstiltak med omsyn til trafikktryggleik, støy, byggegrense og avkøyrslar i samband med reguleringsplanarbeidet. Det er og lagt vekt på at det berre vert ein veg som skal byggjast/utbetrast og driftast.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Plankart
2. Planomtale med konsekvensutgreiing
3. Føresegner
4. Høyringsbrev

Fylkesrådmannen, 03.01.2014

## 1 Bakgrunn

Kvinnherad kommune har tatt initiativ til regulering av Fv 48 Løfallstrand. I brev datert 18.10.2013 er sendt kommunedelplan for omlegging av fv 48 Løfallstrand på høring med høyringsfrist 20.12.2013. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til 31.01.2014. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Kultur – og ressursutvalet kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.


### Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har delteke i prosjektgruppa og gitt innspel til oppstart og planprogram i brev av 19.03.2013.

Planprogram for kommunedelplanen vart vedteke av Formannskapet 14.05.2013.

Det var ei målsetjing at kommunestyret skulle vedta kommunedelplanen desember 2013.

## 2 Innhald i planen



Figur 2-2. Kartutsnitt med alternative vegtrasear. Alternativ 0 er vist med svart linje, alternativ «kote 45» er vist med rød linje og alternativ «kote 70» er vist med blå linje.

Planen er ein kommunedelplan og gjeld omlegging av fv 48 Løfallstrand. Det er utgreidd to alternativ: Alternativ 1 – utbetring av vegtraseen som er i dag. Alternativ 2 - ny veg på kote 70. I tillegg er det definert eit alternativ 0 som er ein uendra situasjon. Det har tidlegare vore vurdert eit alternativ på kote 45. Dette er ikkje vidare utgreidd.

Planen består av følgjande dokument:

- Planomtale med konsekvensutgreiing
- Føresegner (juridisk bindande)
- Plankart (juridisk bindande)

### Utsnitt frå konsekvensutgreiinga

Tabell 4-1 Samanstilling av ikkje-prisette konsekvensar

Tema	Alternativ 1, opprusting av eksisterande fylkesveg	Alternativ 2, ny fylkesveg på kote 70
Landskap	-/0	--
Nærmiljø og friluftsliv	-	+
Naturmiljø	-/0	-
Kulturminne	--	+
Naturressursar	-	-
Samla vurdering	--	-
Rangering	2	1

Føremålet med planen er å finna den totalt sett beste løysinga for fv 48 på strekninga Røyholm – Geitebu, anten som opprusting av eksisterande veg eller omkøyringsveg ovanfor busetnaden på Løfallstrand. Målet er å redusera dei vesentlege, opplevde ulempene med støy og utryggleik som eksisterande trafikk gjennom Løfallstrand medfører. Konkret listar kommunen desse føremåla:

- Auka trafikksikring for både køyrande og mjuke trafikantar
- Betre butilhøve for eksisterande busetnad
- Betre grunnlag for auka busetjing
- Reduksjon av støytilhøva og andre ulemper for eksisterande busetnad
- Auka framkome for gjennomgangstrafikken

Alternativ 1 gjev ei opprusting av vegen og ei betring av vegstandard og trafikktryggleikstilhøva i området. Alternativet gjev minst negative verknader på landskapet, men har utfordringar i høve til kulturminne. Alternativet er det rimelegaste og påfører ikkje kommunen nye investerings- og driftsutgifter.

Alternativ 2 på kote 70 gjev ei god løysing for gjennomgangstrafikken og betrar støytilhøva for dei som bur i området. Alternativet gjev truleg minst utfordringar knytt til kulturminne, men dette må kartleggjast. Derimot gjev det størst negative verknader på landskapet då det vert store nye terrenginngrep. Alternativet er det dyraste, og i tillegg kjem det kostnader til rassikring, kostnader som er særst usikre og stipulert til 10 – 15 mill. Dessutan gjev dette alternativet to vegar gjennom området, der noverande veg må trafikksikrast og driftast av kommunen for å oppnå målsetjinga med planarbeidet. Dette er ein kostnad som ikkje går fram av plandokumenta.

### 3 Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer vi i kva grad regionale interesser er ivaretatt i planen. Det er konkret gjort vurderingar av dei ulike alternativa.

#### Barn og unges interesser

Trafikktryggleik er viktig for borna sine oppvekstvilkår. Fare for ulukker er vurdert i konsekvensutgreiinga. Trafikksikre løysingar er fokusert i planarbeidet. Ved val av alternativ 1 er det i plandokumenta sett krav om samanhengande gang- og sykkelvegssystem parallelt med noverande veg på heile strekninga.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminneinteressene er tilfredstillande utgreidd gjennom konsekvensutgreiinga. Alternativ 1 har mellom Geitebu og Løfallstrand blitt avklara i høve til kulturminneverdiar gjennom reguleringsplanen for Rv 48 Løfallstrand – Årsnes som vart vedteken i 2006. Det som gjenstår er dei om lag 2 siste kilometrane frå Løfallstrand mot Neslia. Dette arealet må vurderast opp mot undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven når eventuell reguleringsplan ligg føre.

For Alternativ 2 (kote 70) er det tidlegare ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor det føreslegne planområdet til traséen. Det er likevel stort potensial for funn då det er gjort lausfunn frå Løfall frå både steinalder og jernalder (B7871, tverrøks av grønnstein og B9657, skaftgryte av kleber), røys frå bronsealder på Storekro (id. nr. 66359) og ein steinalderbuplass rett nord for Ruglebarmen, tilhøyrande Malmanger, gnr. 89, bnr. 7 (id. nr. 134994).

Alle framtidige planar og tiltak skal vurderast nærare med omsyn til arkeologiske registreringar etter § 9 i Kulturminneloven når reguleringsplan vert lagt fram.

Under opparbeiding av vegtrasé og tilhøyrande tiltak bør ein i heile planområdet i størst mogleg grad prøva å unngå inngrep i, og skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegfar, bakkemurar, tufter og andre kulturminne frå nyare tid. Desse avbøtande tiltaka bør formulerast som juridisk bindande føresegner til kommunedelplanen slik at dei gjev føringar til detaljplanlegging gjennom reguleringsplan.

## Landskap

I vår fråsegn til oppstartsmeldinga vart det peika på at det må takast omsyn til landskap. Det er gjort gode analysar av landskap i planarbeidet. Alternativ 1 har klart minst verknad for landskapet. Dette er konklusjonen i konsekvensutgreiinga.

## Samferdsel

Hordaland fylkeskommune har som vegeigar av fylkesveggar særlege interesser i saka. Både verknader for trafikantar/publikum, driftskostnader og investeringskostnader må vektleggjast.

I kommunedelplanen framkjem at oppgradering av noverande veg (alternativ 1) er anslått til å koste om lag 73 mill. kr. Kostnadane ved å leggje ein ny veg på kote 70 ( alternativ 2) vil koste om lag 93 mill. kr. I tillegg kjem kostnader for alternativ 2 til rassikring. Dette er anslått til 10 – 15 mill + anleggssikring.

Opprusting eller ny vegtrasé ligg ikkje inne i Regional transportplan Hordaland 2013-2024, Handlingsprogram 2013-2017.

Kommunedelplanen viser til at det vil vere lettare med bakgrunn i nærmiljø og kulturminne å gå inn for alternativ 2 som vil gå oppe i lia i eit ubebygd område. I alternativ 1 vil ein få utfordringar knytt til byggegrense og avkjørsler. Desse utfordringane vil ein kunne ta høgde for i reguleringsplanar for dette alternativet.

Av plandokumenta går det fram at ved etablering av ny veg på kote 70 vil eksisterande fylkesveg verta nedklassa og overteke av kommunen. Trafikksikring, drift og vedlikehald vil ved dette verta ein kostnad som ikkje er talfesta, og som må dekkast av kommunen.

Med bakgrunn i dei relativ store kostnadsforskjellane for dei to alternativa, og moglege tilpassingstiltak når det gjeld omsyn til trafikktryggleik og støytiltak, vert det tilrådd at alternativ 1, eksisterande trasé, vert vald ved gjennomføring av tiltaka i kommunedelplanen.

## 4 Oppsummering

Kommunedelplanen har som føremål å finna den totalt beste løysinga for fv 48 på strekninga Røyndal – Geitebu. Det er gjennomført eit grundig planarbeid som på ein god måte presenterer to alternativ og konsekvensar av desse.

Ved planomtale med konsekvensutgreiing er dei to alternativa til omlegging av fv 48 – Løfallstrand godt beskrivne. Begge er realiserbare.

Etter ei samla vurdering vert alternativ 1 tilrådd - opprusting av eksisterande vegtrase for fv 48.